

# BOKN BYGDABLAD

NR. 8 - OKTOBER 1995 - ÅRG. 10

UTGJEVAR.: BOKN KOMMUNE

## **OVER 30 AKTIVE ÅR I POLITIKKEN**

*LEIF VATNALAND GÅR AV SOM ORDFØRAR OM EI VEKE*

Det er ei tid sidan Bokn sin nælevande mest kjende politikar, ordførar Leif Vatnaland, sa frå at han ikkje ville stilla til val att i komande periode. Til Bygdabladet seier han at det kan vera ein fare med å vera med i politikken for lenge. Ein kan bli mindre mottakeleg og lydhøyr for andre meiningar. For sin eigen del synes han at tida har vore lang nok i hans posisjon.

Leif Vatnaland kom fyrste gong inn i kommunestyret i den perioden som varte frå 1964 til og med 1967. Det var også i 1964 han vart gift. I dei åra som har gått sidan då, har han meir eller mindre alltid vore aktiv i politikken, anten i kommunen, i fylket, eller begge stader. Han medgir at det nok har medført at kona, og ungane etter kvart som dei vart store nok har mått trø til og ta unna mykje av det arbeidet som skal gjerast på ein gard. Han har ofte følt seg som ein splitta person ved at han tenkte på det som stod ugjort heime på garden når han deltok i politikken, og på det han hadde ugjort i politikken når han arbeidde heime. Det var ikkje alltid kona var like glad i politikken.

Men etter kvart som ungane vaks til, vart dei til flinke å hjelpa til på garden. Dei var ikkje så gamle før dei kunne mjølka.



Leif Vatnaland har hatt fylgjande politiske posisjonar:

Frå 1964 - 1968 medlem av kommunestyret.

Frå 1968 - 1972 medlem av kommunestyret. Også medlem av formannskapet i denne perioden, og frå 1970 - 1972 varaordførar.

Frå 1972 var han ordførar fram til 1976. I perioden frå 1976 - 1980 var han ikkje i kommunestyret, men var med i andre kommunale utval. Han var i denne perioden også med i Fylkestinget. Det var han også i perioden 1980- 1984. I tillegg var han ordførar frå 1980 - 1982 og frå 1984 og fram til i dag, noko som til saman skulle utgjera heile 18 år som

## **SKATTEN I BOKN:**

### **STØRST INNTEKT I BOKN:**

	Innpekt	Skatt
Arne Øvrebø	1.003.900	330.155
Ingvar Alvestad	631.700	288.218
Magne A Bokneberg	587.100	208.046
Svein Ove Alvestad	516.600	193.860
Annleif Sæbø	508.100	165.100
Kjell T Bryningsland	460.900	213.983
Helge Kristian Nilssen	450.100	193.425
Olaf Alvestad	447.200	163.151
Ole øvrebø	439.100	184.543
Geir Tore Christiansen	435.200	178.987
Rune Vatnaland	422.700	180.990
Arild Nilssen	407.200	165.597
Kleng Matias Våga	403.500	169.791
Odd Alvestad	379.100	102.429
Rune øvrebø	368.200	138.087
Helge Solberg	351.500	140.945
Lars Sigmund Alvestad	346.700	139.620
Edgar Våge	344.200	143.114
Bernhard Tormod Våge	343.700	121.802
Alf Alvestad	343.500	147.286

### **STØRST FORMUE I BOKN:**

	Innpekt	Skatt	Formue
Navn, alder	174.900	72.048	2.682.000
Magne Alvestad	257.100	93.844	2.094.000
Tor Alvestad	213.200	86.593	1.985.000
Lars Magnus Alvestad	306.900	111.060	1.819.000
Sigvert Våga	322.400	122.989	1.816.000
Ingolf Borgvald Are	113.400	44.834	1.484.000
Håkon Bokneberg	267.400	107.903	1.450.000
Harald Nygård	0	6.181	1.369.000
Sigurd Johnny Svendsen	142.600	49.424	1.259.000
Kjell Kro	143.500	41.205	1.233.000
Agnes Bokneberg	151.100	58.487	1.229.000
Edvin øvrebø	103.100	36.147	1.143.000
Bjarne J Våga	326.600	114.779	1.104.000
Leiv Våga	208.200	79.124	1.090.000
Dagfinn Bokneberg	62.700	22.135	1.076.000
Jarle Jøsang	114.600	36.420	1.046.000
Magne Are	460.900	213.983	1.002.000
Kjell T Bryningsland	172.600	58.235	1.002.000
Lars Bokneberg			

## **BOKN KR.F. 20 ÅR**

Den 29. juli 1975 vart det skipa lokallag for Kristeleg Folkeparti på Bokn.

Det var formannen i fylkesvalkomiteen på den tida, Sigurd Aarsland som saman med Sigmund Alvestad kalla inn til eit møte. Stortingsrepresentant Jakob Aano var og til stades.

Sigmund Alvestad vart vald til formann, og var det i ti år. Dei siste ti åra har partiet vore leia av Sverre Øvrebø.

Freag 18. august vart det halde jubileumsfest på Boknatun. Det var andakt og sang av Josef og Dagmar Nilsen. John Tveit var festtalar. Etter å ha fått fin bevertning, vart ordet gitt fritt. Fylkesleiar Jan Birger Medhaug

kom med helsing og overrekte blomster.

Elles var det helsing av Kari Austerheim Silde og Magne Nygård. Sverre Øvrebø fortalte frå då lokallaget vart skipa. Han kom og inn på dei mange sakene som Bokn Kr.F. har vore med og fått gjennomført i Bokn kommune desse åra.

Sigurd Johnny Svendsen overrekte Sverre Øvrebø gule roser, og takka han for arbeidet han har lagt ned for Bokn Kr. F.

Takk og til alle som gjorde sitt til at vi fekk ein gild kveld saman, og gav oss inspirasjon til å stå på vidare med oppgåvene som ventar i åra som kjem.

I.B.

# Frelsesarmeens TV-aksjon 8. oktober 1995



I Bokn er det i år den same kommunekomiteen som dei siste 10 åra - nemleg ordførar Leif Vatnaland, Liv Trosvavåg og Reidar Alvestad.

I år er det Frelsesarmeens som har TV-aksjonen. Frelsesarmeens er kjende for å ta vel vare på pengane dei samlar inn, og å nytta dei godt.

I og med at Frelsesarmeens ikkje har lokal avdeling i Bokn, har Bokn sokneråd vore positive og velvillige til å ha den praktiske delen av innsamlinga. Dei vil få hjelparar med seg, og koma på dørene med bøsser ein gong på ettermiddagen. Dei går ut frå Boknatun rett etter kl. 14.00 førstkomande sundag den 8. oktober. Ta vel mot dei! I Bokn er det SR-bank som stiller med mannskap og lokale ved oppteljinga som tidlegare år.

## ELDRETUR TIL JÆREN

Torsdag 31. august reiste Saniteten på eldretur til Jæren. Bussen var ikkje heilt full - men 37 personar blei med. Veret viste seg frå den beste sida. Det var mest for utruleg til å vera sant at Sanitetten denne gongen hadde «veret med seg».

Turen langs Nordsjøvegen var eit syn. Havet låg heilt stille. På Hå gamle prestegard kunne me gå rundt og kikka på gamle hus og utstillingar av ymse slag. Ein kaffitår og lappe smaka også godt. Dei som er glade i fine steinar kunne nok finna noko å ta med seg herifrå.

Etter Hå gjekk turen til Bryne Kro for middag. God Jærlukt møtte oss då me kom ut av bussen. Me var så

svoltne at middagen smaka godt for det.

På Knudaheio fekk me god informasjon om Arne Garborg. Guiden der kunne leksa si, og det var interessant å høyra på. Målfrid kunne fortelja at den første skulestova Garborg underviste i stod på Austre Bokn. Og det var nytt for guiden. Frå Knudaheio kunne me nesten sjå «til Amerika». For klårare og finare haustver er det sjeldan å oppleva på Jæren.

På heimturen stoppa me på Figgjo, slik at me kunne få brukte nokre kroner som brann i lommar og vesker. De e' så løye me' det, sjølv om me har skuffer og skap fulle frå før.

## **OVER 30 ÅR I POLITIKKEN....framh. frå s. 1**

ordførar i Bokn kommune. Tida i politikken har imidlertid vart i meir enn 30 år. Han har i denne tida også hatt andre viktige verv innimellan, som formann i bygningsrådet, medlem i fylkeskommunalt utval for kultur og samferdsel. I tillegg har han i alle desse åra tatt aktivt del i organisasjonslivet særleg her heime på Bokn. Både i skulekorps, bondelag, handelslag og i andre lag og foreningar har han gjort ein innsats, og han er heller ikkje framand for revy, som auksjonarius m.v. Også i det lokale Senterpartiet har han sjølv sagt vore sterkt engasjert, i tillegg til to periodar i partiet sitt fylkesstyre.

Som ung var Leif i nokolunde same situasjon som hans eigne ungar var då dei vaks opp. Han hadde ein far som var sterkt engasjert i politikk og anna samfunnsarbeid. Han tenkte då at han i alle fall ikkje skulle inn i politikken slik som faren. Men slik vart det, og han tregar ikkje på det heller.

Leif seier sjølv at han tykkjer han har fått vore med i politikken i ein periode som har hatt stor betydning for Bokn og fylket. I kommunen var det finansiering av den nye skulen og vassverket som var av dei første store sakene i 1972. Seinare kom det fleire nye store prosjekt som tilrettelegging av nye bustadområde, idrettsbanen og ikkje minst Boknatun. Kombibyggsplanane for dei tre minste kommunane i fylket var eit resultat av det såkalla BUK-samarbeidet (Bokn-Utsira-Kvitsøy)

kor fylkesordførar Lars Våge var ein aktiv formann og pådrivar. Planane for Boknatun starta alt i 1970-åra, men p.g.a stor usemje om plassering, vart Boknatun ikkje innflyttingsklart før i august 1987 som det siste kombibygget i dei såkalla BUK-kommunane.

Med Boknatun var det som ein ny æra starta i kommunen. Leif nemner dette med eigen sjukeheim for kommunen sine innbyggjarar som eit av høgdepunkta den tida han har vore i lokalpolitikken. Tidlegare måtte dei som hadde behov for mykje pleie og omsorg flytta bort frå kommunen.

Leif nemner også talet på tilsette i kommunen som har auka radikalt desse åra. Då han begynte som ordførar var det berre tilsett  $\frac{1}{2}$  stilling som formannskapssekretær i tillegg til kommunekasserar og kommuneingeniør i administrasjonen. Det var elles tilsett lærarar og ein sjukepleiar som gjekk døgnvakt.

Fastlandssambandet er likevel det som Leif Vatnaland vil dra fram som den viktigaste hendinga i Bokn kommune i si tid som ordførar. Gjennom deltakinga si i fylkes- og kommunepolitikken og som medlem av Tungenes Ferjeterminal fekk han fylgja dette arbeidet på nært hald heilt frå planleggingsstadiet og fram til siste opninga av anlegget av kong Harald V onsdag den 26. juni 1991. Det tykkjer han var ei verdig avslutting på prosjektet som han meiner må kallast ein revolusjon for boknasamfunnet.

frå s. 4

Når det gjeld framtida seier avgåande ordførar at det viktigaste for Bokn er å få vera eigen kommune. Han er noko meir optimistisk nå omkring dette spørsmålet. Politiske parti har meir eller mindre endra syn på dette med kommunesamanslåing. Særleg viktig er det at Høyre har snudd på den måten at dei meiner at innbyggjarane sjølv må vilja samanslåing dersom det skal vera aktuelt. Leif seier at dersom den dagen skulle koma at me opphører å vera eigen kommune, har me mista meir enn det som ligg i ordet kommune. Me vil opphøyrå som eit sosialt fellesskap rundt eit lokalt kommunesenter, og vil ikkje kjenna dei som tar avgjerdene for oss. I tillegg vil dei fleste kommunale og statlege tenestetilbod i nærområdet pluss bank forsvinna, og me vil sannsynlegvis berre sitja att med ein institusjon for eldre i Boknatun. Leif talar vel om boknarane, og tykkjer dei syner stor entusiasme for heimbygda si. Det gjeld også i stor grad dei boknarane som er tilflyttarar. Det er oppmuntrande kor patriotiske mange av desse er for den nye heimekommunen sin.

Leif seier det har vore både interessant og gildt å vera med i det politiske liv alle desse åra, sjølv om det har vore travelt. Folk har vore

snille og gitt tillit. Det er nesten uunngåeleg å ikkje koma i utakt med nokre på fellesskapet si bekostning. Han har likevel sett det som viktig å vera ein person som kunne finna mulighet for samarbeid, kompromiss og felles løysingar når dette var innan rekkevidde.

Det er sjølvsagt ikkje tilfeldig at ein person kan halda seg så lenge på lokalt topplan i politikken, og framleis ha så høgt røystetal som ved forrige val. Me som kjenner Leif gjennom ein del år i administrasjonen, veit at han også nyt stor respekt langt utover kommunen sine grenser. Det er ikkje tvil om at han vanlegvis kjenner svært godt til kva «grasrota» meiner om saker i tida. Dette i tillegg til lang erfaring, gode kunnkapar om menneske, samfunn og politikk, gode samarbeidsevner og ikkje minst sansen for den gode replikken, har vore med på å sikra han plassen som ordførar så lenge han ynskte det.

I Bokn kommune si 145-årige historie er det berre ein ordførar som har sete lengre tid enn Leif. Det er Jakob Pedersen Thorland som sat fra 1886 t.o.m. 1910, altså 25 år. Men i dagens Rogaland kjenner ikkje me til at det er nokon i nyare tid som har kan visa til så mange år som ordførar.



TV-AKSJONEN 1995  
EN NASJONAL DUGNAD

**Freldsesarmeens TV-aksjon  
8. oktober 1995**

## **KOMMUNEVALET: KVINNENE KOM STERKT TILBAKE**

For 4 år sidan hadde Bokn Bygdablad denne overskrifta etter kommunevalet i 1991: «**Kvinnene tapte valet i Bokn».**

Det er difor gledeleg å kunna konstatera at det motsette skjedde i år. Kvinnene kom sterkt tilbake. I 1991 var det berre 2 kvinner som vart innvalde til kommunestyret. Ved valet i år kom det inn 6 kvinner, slik det også var i kommunestyret i perioden før 1992-1995. I tillegg skjedde i år den lokalhistoriske hendinga at Sigrunn Hole Hosaas vil bli Bokn sin første kvinnelege ordførar.

Det er gledeleg for likestillingspolitikken at nettopp ei kvinne tok denne utfordringa på strak arm etter at Senterpartiet sin ordførarkandidat kom på 1. varamannsplass.

Elles har alle partia utanom Kr.F. fått inn kvinner i kommunestyret.

Senterpartiet 3 av 7, Arbeiderpartiet 2 av 4, og Høyre 1 av 4.

Valdeltakinga i Bokn var 74,3% til kommunevalet.

Når det gjeld val til dei ulike utvala skal det nye kommunestyret velja representantar til desse den 10. oktober. Av det som nå er offentleggjort vil Senterpartiet få 2, Arbeiderpartiet 2 og Høyre 1 representant i formannskapet. Det har vore interesse i media kor vidt ekteparet Hosaas ville bli to av fem representantar i formannskapet, men dette kan etter den nye kommunelova ikkje skje i og med at minst 40% av medlemene skal vera kvinner dersom partia har innvalde kvinner til kommunestyret. I og med at Arbeiderpartiet har 2 kvinner i kommunestyret, må partiet stilla med ei kvinne i tillegg til varaordførarkandidat Birger Lindanger.

Senterpartiet mista 1 mandat i forhold til siste periode, og fekk nå 7 til kommunestyret. Arbeiderpartiet fekk dette mandatet, og har nå 4 mot 3 i siste periode. Kr.F. fekk 2 som sist og Høyre fekk 4 som sist.

Krf. gjekk tilbake i røystetal frå 1991 og fekk nå 59 mot 63 sist. Også Senterpartiet gjekk tilbake frå 1991 frå 179 til 176. Arbeiderpartiet gjekk fram frå 74 i 1991 til 87 i år. Høyre hadde størst framgang med ein auke frå 1991 frå 84 til 108 ved årets val. Ser ein på røystetal ved årets val er det Sigrunn Hole Hosaas som suverent leiar. Ho fekk 242 røyster. Dette er faktisk berre 34 færre røyster enn nåverande ordførar og veteran Leif Vatnaland fekk i 1991. Sigrunn har difor gjort eit spesielt godt val. Elles har også Trond Nedrebø frå Senterpartiet mange røyster - 229. I dei andre partia har alle førstkandidatane fått mange røyster. Det gjeld Birger Lindanger frå Arbeiderpartiet (161), Svein Ove Alvestad frå Høyre (170) og Sigurd Johnny Svendsen frå Kr. F. (111). Skal ein elles plukka ut ei som kom som ein vind inn i politikken, må det vera unge Elisabeth Gundersen frå

frå s.

Arbeiderpartiet som frå 10. plass på lista kom inn som partiet sin 3.representant til kommunestyret.  
I fylgje Haugesunds Avis den 26.09.

er det også ho som skal vera Arbeiderpartiet sin 2. representant til formannskapet.  
Desse kom inn i kommunestyret:

#### SENTERPARTIET I BOKN

##### Navn på kandidatene og antall røyster

Sigrunn Hole Hosaas	242
Trond Nedrebø	229
Rune Vatnaland	205
Johannes Nilssen	203
Solrunn Alvestad	202
Alf Alvestad	194
<u>Liv Vatnaland</u>	<u>191</u>
<small>I. VÅRAM.:</small>	
Bernhard Våge	189

#### KRISTELEG FOLKEPARTI I BOKN

##### Kandidatenes navn og antall røyster

Sigurd Johnny Svendsen	111
<u>Sigmund Alvestad</u>	<u>81</u>
<small>I. VÅRAM.:</small>	
Sverre Øvrebø	78

#### ARBEIDERPARTIET I BOKN

##### Navn på kandidatene og antall røyster

Birger Lindanger	161
Arne Hosaas	127
Elisabeth Gundersen	103
<u>Liv Birknes</u>	<u>99</u>
<small>I. VÅRAM.:</small>	
Laila Nemeth	98

#### BOKN HØYRE

##### Navn på kandidatene og antall røyster

Svein Ove Alvestad	170
Helga Alvestad	146
Jarle Larsen	133
<u>Olav Lande Rossebø</u>	<u>130</u>
<small>I. VÅRAM.:</small>	
Finn Kro	127

### HAUSTDIKT FRÅ 3. KLASSE

#### Haustdikt

Stormen var lang  
og eg hadde  
ingenting å gjere.  
Eg bare sat  
og såg ut vindauge  
eg såg på trerne  
endlig stopte vinden.

Sindre

Haust dikt

Sommaren er vekk. Hausten er komen nå.  
Blommane er visne og vi går på plommeslang  
og epleslang  
vi hentar bjørnebær og andre bær.

Lars Øyvind Alvestad



## **OPPFORDRING TIL STRYK...**

Eg var truskyldig nok til å tru at Bokn Bygdablad var politisk nøytralt. Slik måtte det vera, trudde eg, når det var kommunen som var utgivar.

Eg måtte difor lesa leiarartikkelen i september-nummeret to gonger for å vera sikker på at eg oppfatta rett! Med nokre porsjonar velvilje kan me seia at redaktøren ikkje akkurat kjem med oppfordringar om kva parti folk bør røysta på. Derimot kan ingen vera i tvil om at redaktøren kjem med sterke oppfordringar om å stryka ei rekke kandidatar! Han nemner dei ikkje med namn, men viser til kva plass dei har på listene. På denne måten har redaktøren brukt Bokn Bygdablad i valkampen.

Nå ventar me på fortsetjinga. Blir det neste eit innspel i øldebatten? Kven meiner redaktøren bør leia dei ulike nemndene i kommunen? Kva slag hjertesaker vil han køyra fram under budsjettbehandlinga?

Eller kanskje det ikkje er eit slikt Bygdablad folk vil ha? Kanskje folk heller vil ha eit blad med nyttig informasjon, eit blad som kan virka samlande og ikkje splittande?

For min del synest eg det viktigaste er at Bokn Bygdablad opptrer ryddig. Skal redaktøren nytta bladet til å fremja sine private meininger, bør bladet fristillast frå kommunen og få fjerna vignetten "Utgjevar: Bokn kommune". Lesarane må ikkje bli forleda til å tru at redaktøren legg fram kommunen sitt syn på omstridde spørsmål!

Svein Ivar Langhelle

## **«TILSETTE STYRER SEG SJØLV»**

Eg viser til Svein Ivar Langhelle sitt lesarinnlegg vedr. artikkelen om kommunevalet som sto i Bokn Bygdablad nr. 7/95.

Artikkelen omtalar i andre del at det har blitt ein aukande andel offentleg tilsette i politikken på landsbasis, og har ei vidareføring av dette temaet til lokale forhold. Bakgrunnen for dette var at emnet har vore ein del framme i media. T.d. hadde «Dagens Næringsliv» den 29. august -95 ein førstesideartikel med tittel: «**Ansatte styrer seg selv**». Her blir det påpeika at halvparten av medlemene i kommunestyra i landet er offentleg tilsette. Avisa syner også til eit eksempel frå Grong kommune kor heile formannskapet er tilsette anten i kommunen eller fylkeskommunen. I ei anna avis er det kome fram at tre av fire fylkestingsrepresentantar vil ha utkomet sitt frå offentleg sektor etter valet. Det er ofte aktuelt å ta opp slike aktuelle tema også lokalt. Vedtekten til Bokn Bygdablad seier også i pkt. 1. MÅLSETTING at bladet skal gje plass for lesarinnlegg, meiningsytringar og fri drøfting av saker som er oppe i tida. Langhelle meiner eg har nytta bladet til å fremja private meininger. Eg kan ikkje sjå at dette er gjort. Ein må kunna leggja fram eit tema og «ta det ned» til lokale forhold utan å bli tolka som at dette var ei privat mening. Eg meiner at eg verken har tatt partipolitisk standpunkt eller oppfordra til stryk.

«Tilsette styrer seg sjølv» - framh. frå s.

Dei kommentarane eg som redaktør har fått på innhaldet i Bokn Bygdablad gjennom 10 år, er at det har vore for lite aktuelt og for få innlegg som kan vekkja debatt. Det har vore for mykje preg av «bygdabok» enn eit aktuelt bygdablad. Eg vil også nemna at det har vore reaksjonar i den lei at bladet har vore med og bidratt til å gi ei aukande identitetskjensle og har vore ein samlande faktor for bygda.

Når det gjeld Svein Ivar Langhelle sine tankar om fortsetjinga, trur eg lesarane på bakgrunn av erfaringane i dei 10 åra mine som redaktør tar dette med ro.

RA

## **MINNEORD**

Johannes Sunde sovnet stille inn på Bokn sjukestove 6. september, 90 år gammel. Han ble boknar for noen år siden, da han flyttet fra Bærum til sin eldste datter i Våga.

Johannes Sunde ble født i Jølster, på et småbruk i Geilene ved Kjøsnesfjorden, austre ende av det vakre Jølstravatnet. For yngstemann i søskjenflokken var det «ikkje liv laga» i heimbygda. Johannes søkte seg i tidlig alder til Østlandet. Han var innom flere yrker, gardsarbeid, skomakeri, utepleie på Emma Hjorts Hjem, og de siste ti-åra som statstjenestemann og avdelingsleder ved denne institusjonen. Sunde følte seg hele livet knyttet til heimbygda Jølster, slekta si og kulturen der. Kunstmaleren Nikolai Astrup bodde på samme siden av Jølstravatnet.

Komponisten Johannes Haarklou var fra nabobygda Haukedalen, et annekts til Førde i Sunnfjord. Andre kulturpersonligheter som preget Sundes syn på livet var prester som Christian Astrup, kunstmalerens far, biskop Nils Astrup og sikterpresten Anders Hovden, og ikke minst «ishavspresten» og biskopen Monrad Norderval. Johannes Sunde likte både å høre og fortelle gode prestehistorier.


Selv var Johannes Sunde en pliktoppfyllende alvorsmann. Men i alt livets alvor manglet heller ikke glimtet i øyet. Nesten til siste slutt kunne han si fram utenat viser og vers og annet som han lærte på skolen. Han kunne sjøl blitt en arvtaker etter Bård skolemester. Harde livsvilkår ville det imidlertid noe annet.

Johannes Sunde etterlater seg to døtre, svigersønn, barnebarn og oldebarn, de fleste bosatt på Austre og Vestre Bokn. En varm takk går til sjukestova og de hjelpende hender der gjennom tre-fire år.

Vi lyser fred over Johannes Sundes minne.

Bokn, i september 1995

L.A. Birkelund



# Pippi 50 år!

## FARLEG JENTE FYLLER FEMTI

I år er det fenti år sidan Pippi vart født. Manuset til den fyrste boka vart refusert av forlaget Bonnier. Dei takka nei av moralske grunnar – Pippi kunne ha därleg innverknad på barn. Seinare vann Astrid Lindgren ein barnebokkonkurranse med boka om Pippi Langstrømpe.

Opp gjennom tida har det vore diskutert om Pippi er farleg for barn (tenk om dei tar etter) eller er ho ein viktig tryggleiksventil for ungar i ei verdt styrt av vaksne?

Det er ikkje før i år at franskmenn har våga å omsetje Pippi rett. I deira tidlegare opplag er ho gjort om til ei veloppdragen lita jente, som kan lyfte ein liten pony i staden for ein hest.

Bøkene om Pippi er gjevne ut på 46 språk og er selde i millionopplag.


Kilde: A.L Biblioteksentralen

LÅN BØKENE PÅ BIBLIOTEKET.

## HAUSTEN ER TIDA FOR HOBBY

BIBLIOTEKET HAR I SAMARBEID MED "HOBBYBRAKKA" UTSTILLING AV IDEAR TIL HOBBY OG BIBLIOTEKET HAR EIT STORT UTVAL I HOBBYBØKER.

"HOBBYBRAKKA" HAR SALG AV HOBBYARTIKLAR, GARN, STOFF, O.L. ANNAN KVAR TORSDAG PÅ ALLROMMET FRÅ KL. 10.00 – 12.30.





**BOKN KOMMUNE**  
KULTURKONTORET  
4290 BOKN  
TLF 52 74 85 00  
FAX 52 74 86 77

# BYGDEBOKA

## FOTOINNSAMLINGA

Bearbeidninga av dei innkomne bileta hausten 1994 har pågått ei stund, og dei fleste brikkane byrjar å falla på plass. Det er likevel enkelte bilete som er vanskelege å registrera.

Me har tidlegare fått inn nyttige opplysningar om biletet som har stått i Bygdabladet, og prøver oss igjen. Kontakt kulturkontoret viss du har opplysningar.



*Biletet er i Ragna Våge sin album.  
Det er tatt i 1936 på garden til  
Ernst Øvrebø, Austre Bokn.*

*Kven er personane?*



## BOKN KOMMUNE

KULTURKONTORET

4290 BOKN


TLF 52 74 85 00

FAX 52 74 86 77

# UNGDOMMENS KULTURMØNSTRING 95/96

## UNGDOMMENS

KULTURMØNSTRING (UKM) er over oss igjen. Det heng også plakatar om dette på dei vanlege stadene i kommunen. Kulturkontoret har info-brosjyrar liggande for dei som ynskjer det.



*Motorsykkel* av Lars Øyvind Fagerli, 14 år

UKM sin målsetting er å vera eit landsomfattande kulturarr. som er

ope for all ungdom. Arr. skal stimulera til å utvikla og synleggjera ungdommen sin kulturelle aktivitet - lokalt, regionalt og nasjonalt.

UKM er framleis for dei som er mellom 10 og 19 år, og alle kan delta åleine eller i grupper. For grupper må minst halvparten vera innafor aldersgrensa. Deltakarane kan også vera med i fleire innslag.

Det er allerede mange påmeldte til den komande kommunale mønstringa i januar 1996, og oppfordringa om å meld seg på går i første rekke til ungdommar som ikkje går på skule i Bokn. Hugs: alle som vil kan delta med kva dei vil!

*FRISTEN ER 20. OKTOBER.*

## "FRÅ MEDITASJON TIL EKSTASE"

SUNDAG 29.10 KL. 19.00 blir det ein spennande arr. i gymsalen. Den profesjonelle slagverkaren Eddie Andrésen kallar det for noko mellom konsert og teater der publikum blir tatt med på ei reise med 60 slagverkinstrument, stemme og oppsiktsvekkande lyssetting.

Det blir berre brukt akustiske slagverkinstrument, men ved hjelp av ny klang-teknologi blir her

stemningar frå rolege, meditative melodilinjer til ville ekstatiske rytmær. Her får du ei sterk oppleving der det visuelle og auditive blir smelta saman.

Dette høyrest ut som eit arr. for spesielt interesserte, men forestillinga har vore ein suksess over heile landet, og passar for alle.

Entré kr. 50,- arr. Petra fritidsklubb



**BOKN KOMMUNE**  
KULTURKONTORET  
4290 BOKN  
TLF 52 74 85 00  
FAX 52 74 86 77

## **BREKELAND BEN SIN & CAMPING ENDELEG TIL BOKN!!!!!!**



**SIVERT SYRE -**  
sauebonde med  
idéspreng, munn-  
diaré og ein naturleg  
mangel på  
beskjedenhet.....



*Brekeland Bensin & Camping* med den kjente haugesundsstemmen til Tor Arne Johnsen er ei soloforestilling - eller eit enkeltmannsfåretak, om du vil. Publikum er inviterte til ein gedigen åpning av bensinstasjonen - den einaste i verda som er basert på *sau* som ressurs! Her blir det tale for dagen, Brekelandssongen, trylling samt ein grundig presentasjon av vareutvalet til bensinstasjonen.

Mens Sivert Syre presenterer det utrulege vareutvalet til bensinstasjonen, blir det tallrike digresjonar om det meste. Du får forklart korleis ein får bensin frå sauen, kvifor paven kysser bakken når han kjem til eit nytt land, kvifor TV-sjårarar får nakkesleng, m.m. Sauebonden har meiningar om det meste, og dei skil seg sterkt frå "normalen". Innimellom blir det muntre songar av mange slag.




Viss du lir av humør-  
sjuke, er det medisin  
å få på Brekeland  
Bensin & Camping.  
Ingenting er meir  
naturleg enn eit  
fårete flir.



## **KOM OG LE DEG FILLETE!**

Fredag 20.10 kl. 19.00 i gym-  
salen. Entré kr. 50,-

Arr. Petra Fritidsklubb





## BOKN KOMMUNE

KULTURKONTORET

4290 BOKN

TLF 52 74 85 00

FAX 52 74 86 77

# Petra MED LAURDAGSOPE

Bokn kulturstyre vedtok i møte 26.9.95 å utvida opningstida til **Petra**. Bakgrunnen er at "Bokn Diskotek" er avvikla, og ungdommen ynskjer eit tilbod på laurdagar. Retningslinjene for **Petra** på 10 punkter blei også reviderte i same møte.

Faste kveldar på **Petra** er nå annakvar onsdag, annakvar fredag og annakvar laurdag. Klubbtid er 18.30 - 21.30 på onsdagar og 20.00 - 23.30 på fredagar og laurdagar. Fritidsklubben har laurdagsarr. i vekene med onsdagsarr. Det er to foreldrevakter på alle arr.

Øyvind Børgesen er ansatt som leiar av eit ungdomsprosjekt i kommunen, og har m.a. ansvaret for

organiseringa av **Petra**. Saman med styret, som består av ungdomsskulelevar og to foreldrerepr., blir fritidsklubben leia på ein glimrande måte! Det vil framover foregå både kurs og andre planlagte aktivitetar i **Petra** sine lokaler i Kyrkjebymil skule. Dette vil bli på andre dagar enn dei faste arr., og i Øyvind Børgesen sin regi.

**Petra**, som består av dei fleste ungdomsskuleelevarne samt elevar frå vidaregåande skule, har stått for - og vil også framover stå for fleire kulturarrangement. I oktober er det klart for to av dei. Arr. har fått eige omtale i bladet. **Støtt opp om desse, og du støttar ungdommen i Bokn!**

- kulturleiaren -

## SIGURD JOHNNY SVENDSEN KOM INN I FYLKESTINGET

Så blei det til slutt Sigurd Johnny Svendsen frå Kr. F. som kom inn på utjamningsmandat frå Bokn. Det var rett etter valet snakk om både Trond Nedrebø frå Senterpartiet og særleg Svein Ove Alvestad frå Høyre. Men Kr.F. trakk det lengste strået, og fekk det tredje av dei tolv utjamningsmandata.

Sigrunn Hole Hosaas har dei siste 4 åra vore i Fylkestinget for Senterpartiet.

## ***ORDFØRARANE FRÅ 1850***

Det er tatt eit initiativ i kommunen for å få laga eit biletgalleri over alle ordførarane frå den tida Bokn vart eigen kommune i 1850 og fram til i dag.(Me kan feira 150-års jubileum i år 2.000).

Bygdaboknemnda saman med sekretariatet har gjennom fleire år samla inn store mengde bilete, og mange av ordførarne kan dei finna biletet av. Likevel er det nokon dei manglar, særleg av dei første ordførarane, og dersom nokon skulle ha kjennskap til om det fins biletet av desse, kan ein venda seg til kulturleiar Jardar Havikbotn.

Ordførar Leif Vatnaland har laga ei oversikt over kven som har vore ordførarar opp gjennom tidene frå 1850. I denne oversikta er det ikkje tatt med krigstida, då det i denne tida ikkje var demokratisk vald ordførar.

1850 - 51	Lars Rasmussen Lodden
1852 - 53	Daniel Larsen Trosnavåg
1854 - 55	Christofer Larsen Øvrebø
1856 - 57	Ingebrigt Ingebrigtsen Laupland
1858 - 65	Lars Rasmussen Lodden
1866 - 67	Bjørn Torbjørnsen Nedrebø
1868 - 69	Torjus Olson Alvestad
1870 - 73	Valentin Tormodson Vaage
1874 - 85	Christofer Pedersen Vatnaland
1886 -	
1910	Jakob Pedersen Thorland
1911 - 13	Gabriel Dybing
1914 - 16	Jakob Hognaland
1917 - 19	Gabriel Dybing
1920 - 22	Martin Jøsang
1923 - 25	Julius Håland

1926 - 34	Lars Elisæus Vatnaland
1935 - 37	Julius Håland
1938 - 41	Jens L. Vatnaland
Etter krigen	heldt Jens L. Vatnaland fram til nytt val i slutten av året.
1946 - 47	Monrad Alvestad
1948 - 51	Helge Alvestad
1952 - 55	Osmund S. Våga
1956 - 63	Jens L. Vatnaland
1964 - 69	Ingolf Kro
1970 - 71	Sigwart Våga
1972 - 75	Leif Vatnaland
1976 - 77	Ingolf Kro
1978 - 79	Sigwart Våga
1980 - 81	Leif Vatnaland
1982 - 83	Arne Øvrebø
1984 - 95	Leif Vatnaland

## **HAUSTDIKT FRÅ 3. KLASSE**

**HAUST**

Bladane vert gule  
orange og raudе.  
Hentar bjørnebær  
og andre bær.  
Hauststormen ventar der.  
Gjesene dreg mot sør.  
Jakt tid og sopptid.  
Ja noer hausten her.



**Vibeke**

Epler og pærer dett ned  
og blada blir raudе og gule  
lauvet dett ned på bakken  
å som det blåser.

Om hausten går vi  
på plommeslang  
og epieslang og bladene  
bler raudе og gule.

**Hanne**

**Kristina**

**Haustdikt**

Blada er gule og raudе  
sopptid er kommet hipp hurra  
nå skal eg raka løv og blad

Når  
gjesene  
flyg til  
varmare  
land begynner  
det og snø.

**Camilla**

**Jens**

**Haust dikt**

Blada vert gule. Regnet faller ned  
det er sopptid  
det er jakt tid  
fuglane flyr  
mot syd gjesene drar  
mat  
snart er eg aleine.

**HAUSTDIKT**

NÅR EG HØYRER ORDET  
HAUST TENKJER  
EG AT EG SKAL HIVE  
HAUSTEN I SØPLA  
FOR EG VIL HA VINTER.

**Rene**

**HERMUND KRO**



# **Frelsarmeens TV-aksjon 8. oktober 1995**



## **TV-AKSJONEN 1995 "OMSORG FOR HELE MENNESKET".**

TV- aksjonen er en landsomfattende dugnad som gjennomføres hvert år. Årets aksjon er den 22. i rekken. Søndag 8. oktober er årets aksjonsdag. På landsbasis stiller omtrent 100 000 personer opp med sin arbeidskraft.

Frelsarmeens er tildelt årets aksjon, og "Omsorg for hele mennesket" er navnet på aksjonen. Men det er også noe langt mer. Det er et begrep som beskriver Frelsarmeens virksomhet helt fra starten av i Londons østkant for 130 år siden. Frelsarmeens er en kristen organisasjon. Motivasjonen for virksomheten er derfor hentet fra Bibelen. Det er her vi finner lignelsen om den barmhjertige samaritan. Denne lignelsen kan stå som symbolet for det arbeidet Frelsarmeens driver gjennom: sykehus, klinikker, hjem for barn, hjem for eldre, utdeling av mat og klær, barnehager, skoler, ettersøkelsesarbeid osv. TV-aksjonen 95 skal bidra til å styrke det sosiale og moralske sikkerhetsnett Frelsarmeens arbeid representerer.

Av innsamlingsbeløpet vil 60% gå til tiltak og aktiviteter i utlandet, og 40% til tiltak og aktiviteter i Norge. Frelsarmeens vil hovedsaklig satse på følgende fire prosjekter i utlandet:

- \* Major Anne Kristine Herje's arbeid for gatebarn på Haiti
- \* Aidsprogrammet med utgangspunkt i kaptein (Dr.) Ian Campbell
- \* Frelsarmeens ettersøkelsesarbeid
- \* India - major Jorunn Goksøyrs arbeide

Av Frelsarmeens arbeid i Norge er det blant annet NOA-prosjektet (Nærhet, Omsorg og Ansvar) og Ensjøprosjektet som vil bli prioritert. NOA-prosjektet er et integrert nærmiljøprosjekt i Oslo hvor målgruppene er rusmisbrukere, barn/ungdom og eldre. Ensjøprosjektet er et helhetlig eldrefomsorgsprosjekt.

I hvert fylke skal det etableres en fylkeskomite. I Rogaland har fylkesmann Tora Aasland påtatt seg å lede denne.

# **TV-aksjonen 95**

## **8. oktober 1995 alle husstander besøkes**

## **35-ÅRS TREFF FOR KONFIRMANTANE FRÅ 1960**

Laurdag den 23. september sette 19 49-åringar kvarandre stemne på sjøhuset til Steinar. Dei ville treffast samla for første gong sidan dei var konfirmerte for 35 år sidan i september 1960. Det var i alt 20 som vart konfirmerte i 1960, men ei av desse - Judith Våga - er død.

Alle dei andre 19 hadde sett av kvelden for å minnast den tida dei gjekk for presten for 35 år sidan.

Av dei 19 som lever i dag, bur 8 i Bokn. Resten er spreidde rundt i distriktet - flest i sørfylket. Ei av dei 19 er Anne Lise (f. Ognøy) som var ei av døttrene i den siste familien som budde på Ognøy. Ho fortel at dei budde i det huset som nå er tatt i bruk att av familien Eikje etter at det nå i 30 år ikkje har vore fastbuande på øya. Familien Ognøy flytte derifrå i 1965.

Det var nok ekstra koseleg for mange nettopp å treffast i sjøhuset til Steinar. Her fann dei noko av det maritime miljøet dei hugsa frå oppveksten.

Elles var det heilt bevisst ikkje lagt opp til noko vesentleg program, då det viktigaste skulle vera å samlast og drøsa både om gamalt og nytt. God servering høyrte sjølvsagt med.

Dei som vart møtte var:

Magnus Grønnestad, Arne Reidar Sæbø, Peder Alvestad, Sigmund Våge, Sigmund Alvestad, Kjell Magne Våge, Eivind Øvrebø, Jan Sigurd Laupland, Arild Søndeland, Åge Øvrebø, Kjell Helgeland, Bjarte Kro, Reidar Alvestad, Turid f. Alvestad, Solveig f. Jørgensen, Astrid f. Trosvåg, Berit f. Øvrebø, Jorunn f. Thuestad, Anne Lise f. Ognøy.

### **CATO SANDEN TIL BOKN**

### **DEN 28. OKTOBER**



Bokn Idrettslag arrangerer dans den 28. oktober på Bokn skule med den kjende artisten Cato Sanden. Han er kjend både som gitarist, vokalist og komponist. I 1984 kom han ut med sitt første solo-album, og for dette blei han hedra med spelemannspris, den første country-rock-prisen som er utdelt i Norge.

Seinare har Cato Sanden gitt ut fleire album. «Once a hero» kom ut i 1987, og rett etter fekk han sin andre Spelemannspris.

Cato sitt siste album heiter «New Steps» som han har fått fine kritikkar for.



## BOKN BARNEHAGE

*Vikariat i reinhaldsstilling og andre tilfeldige vikariat i Bokn barnehage.*

Bokn barnehage har av og til problem med å skaffe vikar når reinhaldarar eller assistenter har fråver.

**Det kan også bli lengre vikariat i reinhaldsstilling.**

**Reinhaldsarbeidet er 2 timer pr. dag (30% stilling) etter at barnehagen har stengt for dagen.**

**Søknad med rettkjende kopiar av aktuelle attestar og vitnemål kan sendast Bokn skulestyrekontor, 4290 Bokn innan fredag 6. oktober 1995.**



### TORSDAGS-TREFFET

På torsdagstreffet i Allrommet den 5. oktober vil firma Stenvaag Jensen A/S selja dame- og herre klær.

### HØY OG SILOBALLAR

rimeleg til sals

Ove Alvestad tlf. 52 74 85 98

Ynskjer å kjøpa **TO RYGJAVERAR.**

Har ein rygjaver til sals - ev byte.

Ove Alvestad tlf. 52 74 85 98

*Diverse trematerialer til sals.*

Piseks.: 2x4 kr. 9,50 + moms.

Vidar Grønnestad tlf. 52 74 86 06

Mobiltlf. 942 91314

*Lekegringd i tre - 1 år gml. til sals kr.450,- Vidar G. tlf. 52 74 86 06.*

### Salong og senger til salgs

tlf. 51 74 77 62 / 51 73 52 58

### SAKNAR DU EIN FILM?

Me har funne ein Agfa film (ikkje framkalla) ca 200 m. sør før park. plassen der stien mot Sandvika startar. Tlf. 52 74 86 95 Frøiland.

## BOKN BYGDAABLAD

### UTGJEVAR:

Bokn kommune,  
4290 Bokn, tlf. 52 74 85 00  
fax 52 74 86 90

Postgirokonto 0806 5 68 45 01  
Bankgirokonto 3373 07 00305

**BYGDABLADEMND:**  
Ingunn Våge, Arvid K. Jøsang,  
Liv Vatnaland

**REDAKTØR:** Reidar Alvestad

### ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn  
Utanbygds: kr. 100,- pr. år

### ANNONSEPRISAR:

Heilside: kr. 400,-  
Halv side: kr. 150,-  
¼ side: kr. 75,-      1/8 side: kr. 50,-  
Små privatannonser: KR. 10,-

### FRIST FOR STOFF:

Den 20. i kvar mnd.      10 nr. årlig.

## ARRANGEMENT:

- 02.10: Bondekro, Arskroen  
04.10: BINGO: Arr: Bokn Idrettsl.  
11.10: Indre sjømannsmisj. har  
BASAR på Bokn bedehus  
18.10: Israelsmisj. har møte på Bokn  
bedehus  
20.10: «Brekeland Bensin og  
Camping» på Bokn skule. Sjå  
omtale annen stad i bladet.  
Arr: Petra/Bokn kulturkontor  
23.10: Bokn hagelag har årsmøte på  
Allrommet. Demonstrasjon av  
blomst opps. v/ Bente Husebø  
28.10: BEDEHUSBASAREN, Bokn  
bedehus. Tale av Finn Bårdsen.  
28.10: Dans på Bokn skule. Aldersgr.  
18 år. sjå omtale annen stad.  
29.10: «Frå meditasjon til ekstase».  
Gym salen. Sjå omtale i bladet



- 08.10. kl.11: Gudsteneste v/ Helge  
Gaard. 50 års konfirmantar.  
Offer til Indremisjonen.  
22.10. kl.11: Familiegudsteneste v/  
Arne Aurdal. Hausifikkefest.  
1.klasse deltar. Offer til  
Rogalandsgarden

Takk for helsingar og blomster på  
70-års dagen min.  
Asta

Takk for oppmerksomheten på 75-års  
dagen min.  
Henry

**LENSMANN**  
*Første fredag i kvar mnd.*  
**kl. 10.00 - 12.00 i Boknatun**

**LANDBRUKSKONTORET**  
*Kvar fredag kontordag i Boknatun*

**FOTPLEIE**  
*Onsdag den 11.oktober.*  
*Påmelding til sosialkontoret i*  
*tlf. 52 74 85 00*

## NB! NB!

Besökstenesta i Bokn Røde Kors  
treng nye medlemmer/hjelparar.  
Kom - bli med!  
Henv. Kari tlf. 52 74 83 90  
Else tlf. 52 74 83 38  
Astrid tlf. 52 74 83 29